


Innsatsteam  
-tverrfagleg team for barn og unge  
i Aurland kommune



Utarbeidd våren 2021

## Innhold

Føremål.....	3
Søknader til innsatsteamet kan innehalde.....	3
Oppfølgingstiltak .....	3
Rutinar .....	3
Søknad om samtykke.....	3
Møte i Innsatsteamet .....	4
Kartlegging.....	4
Journalføring og dokumentasjon .....	5
Avslutning .....	5

## Føremål

Innsatsteamet er ein del av Aurland kommune sin tidlege og tverrfaglege innsats og oppfølging av barn og unge. Målgruppa er barn frå 0 - 18 år.

Innsatsteamet er eit tverrfagleg samansett team med medlemmar frå PPT, BUP, helsestasjonen/skulehelsetenesta, barnevernstenesta, psykisk helseteneste, barnehage og skule. Ved behov vert jordmor kalla inn.

Psykiatrisk sjukepleiar er koordinator for innsatsteamet.

Innsatsteamet er eit lågterskeltilbod. Det er ikkje behov for tilvising for å be om støtte frå teamet. Foreldra og barn over 16 år kan sjølve søkje teamet om hjelp.

Innsatsteamet sine medlemmar jobbar under ulike lovverk ut frå teneste og profesjon. Teamet sitt arbeid vert i tillegg regulert spesielt av lov om kommunale helse- og omsorgstenester, sjå §1 - 1 og §3 - 6, lov om folkehelsearbeid, og rundskriv I - 4/2017 om lågterskeltilbod.

Innsatsteamet har møte og behandlar søknadar ein gong i månaden. Alle søknadar vert vurderte individuelt.

## Søknader til innsatsteamet kan innehalde

- Utfordringar i familien av ulik art som gjer foreldrerolla vanskeleg
- Stor bekymring for det ufødte barnet
- Behov for tverrfagleg vurdering og oppfølgingstiltak
- Behov for gode overgangar mellom kommunen og spesialhelsetenesta
- Behov for tverrfagleg rettleiing for medarbeidarar i kommune. Søknader om rettleiing av personalgrupper vert behandla i dialog med tenesteleiar for området
- Andre bekymringar

## Oppfølgingstiltak

- Vurdering og vidare tilvising
- Ulik individuell rettleiing
- Rettleiing på foreldrerolla
- Rettleiing for medarbeidarar i kommunen

Ved mottekne søknader som ikkje er aktuelle å fylgje opp gjennom Innsatsteamet, vert søknaden sendt vidare til andre aktuelle instansar i kommunen.

## Rutinar

### Søknad om samtykke

Søknad med samtykke til drøfting i Innsatsteamet skjer på eige skjema: «Søknad til Innsatsteam», denne ligg som mal på kommunen si heimeside.

I Artikkel 12 i barnekonvensjonen står det at *alle barn skal høyrast og synspunkta deira skal vektleggast ut frå alder og modenheit. Born skal sikrast retten til fritt å gje uttrykk om alle forhold som vedkjem dei sjølve*, den som melder inn saka har ansvar for at barnet er informert og at barn

over 15 år skal signere samtykket. Mottekne skjema vert stempla med dato og lagt i arkivsystemet til eininga som melder opp sak til koordinator.

I størst mogeleg grad bør søknaden fyllast ut av brukaren sjølv. Dersom andre hjelper til med utfyllinga, må dette koma fram i skjemaet. Foreldra skriv under på søknaden.

Etter drøfting av søknaden og kartleggingssamtale med familien vert det bestemt kva tiltak som er vurdert som mest hensiktsmessig.

#### Møte i Innsatsteamet

Det er avsett tid til møte ein gong kvar månad.

Send ein kort mail til koordinator om at det er ei sak til neste møte (OBS – ingen personopplysningar). Oppmelding av nye saker – dette bør skje minst ei veke i forkant av møtet. Når det er meldt inn ei ny sak til teamet, er det viktig at dei som allereie er involverte i saka får informasjon om at saka skal opp slik at dei kan førebu seg til møtet, og for å sikre at eksisterande informasjon kjem med.

1. Innkomne saker: søknader som er komne inn etter førre møte vert drøfta, og det vert bestemt kven som skal gjennomføre kartlegging og/eller oppfølging av saka
2. Drøfting av pågåande saker: Alle saker bør drøftast i teamet også i oppfølgingsperioden
3. Informasjon om avslutta saker og vurdering av behov for informasjon til samarbeidspartane, dette må skje i tråd med samtykke
4. Relevant nytt frå tenestene

#### Kartlegging

Den som bistår familien med søknaden gjennomfører ein kartleggingssamtale med utgangspunkt i det familien opplever som utfordrande. Punkta under bør den som har samtalen vere innom:

- Familiesituasjonen, medlemmar, nettverk
- Eiga beskriving av kva dei ynskjer hjelp til
- Styrke, kva fungerer bra
- Psykisk helse hjå foreldre
- Rus (for verktøy i kartlegging av rus: [www.snakkomrus.no](http://www.snakkomrus.no))
- Vold
- Beskriving av barnet (sosialt, temperament, følelsar)
- Kva tenester er/har vore inne/ samtykke til samarbeid?
- Barnehage/skule si beskriving av barnet
- Er det andre forhold i familien som det er viktig at me veit noko om?

Dersom familien søkjer utan bistand frå kommunalt tilsette er det leiar av teamet som utpeiker kven som tek kartleggingssamtalen. Kartleggingssamtalen skal vere gjennomført før fyrste møte i Innsatsteam.

Vurder melding til barnevernet dersom det er snakk om omsorgsvikt, psykiske problem, rus eller vold.

Det er hensiktsmessig om me kan samarbeide med (innhente, drøfte og gi relevant og nødvendig informasjon) til andre aktuelle tenester som hjelper familien. Det må då innhentast skriftleg samtykke, sjå eige samtykkeskjema.

Mål og tiltak i oppfølginga blir i samarbeid med familien.

Det vert gitt tilbakemelding til den instansen som har vore behjelpeleg til i søknadsprosessen

#### Journalføring og dokumentasjon

Teammedlemmer vert informert pr telefon av leiar kva barn som skal drøftast. Det vert laga eit kort og anonymisert referat som vert lagra på eige område for Innsatsteam. Det er kun medlemmer i Innsatsteamet som har tilgang til dette området. Konklusjon frå møtet i Innsatsteam førast inn i barnets journal på helsestasjon. Det er helsesjukepleiar som er ansvarleg for referat og føring i barnets journal

Saker skal meldast inn seinast ei veke før møte, og takast opp i på fyljande møte. Det skal vere så kort tid som mogleg mellom søknad og at saka vert teke opp i Innsatsteam.

#### Avslutning

Innsatsteamet får informasjon om at saka er avslutta, kva tiltak som er prøvd og kva effekt tiltaka hadde.

Det er ynskjeleg å få samtykke frå familien om at den som har tipsa eller hjelpt familien med å søke til innsatsteamet får beskjed om tiltaket, og at det er avslutta.

Godkjent:

Stad/dato:

Rådmann

Ordførar

## Vedlegg 1

### Prosedyre journalføring og dokumentasjon

Den skulen eller barnehagen som melder inn saka lagar eit notat i barnet si mappe.

Motteken søknad, samtykkeavtale og vurdering av Innsatsteamet vert dokumentert i etterkant av møtet. Dette vert journalført i barnets mappe i Infodoc. Koordinator sender ut svar til foreldre. Kopi av svaret skal ligge med i Infodoc

Den som føl opp saken etter vurdering i Innsatsteamet, opprettar brukar og journalfører vidare oppfølging.

Møtereferat utan sensitive opplysningar vert lagra på eige område for Innsatsteamet. Det er Helsesjukepleiar som er ansvarleg for referat og føring i barnets journal.

Ved utgangen av kvart år skal det lagast ein dokumentasjon på kor mange saker Innsatsteamet har hatt iløpet av året, og kva problemstillingar det har vore.

Planen skal reviderast ved utgangen av året.